



Anna og David Aga gler seg til å rykka inn i feriehuset sitt - Uskedalsvegen 578. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mykje tyder på at interessa er aukande for huskjøp i Uskedalen. Eit døme på det er at pensjonistparet Anna (67) og David Aga (68) frå Granvin har kjøpt huset som Magnhild Omvik budde i og som ligg rett overfor Gamleskulen.

Kjøparane var i Uskedalen torsdag for å ordne formelle og praktiske ting i samband med kjøpet og la ikkje skjul på at dei gler seg til å nyta ferielivet i vår bygd. Dei planlegg ikkje å flytta frå Granvin, men skal nytta huset her som feriebustad for seg sjølve og familien.

- Vi ser ikkje minst fram til fisketurar på fjorden, seier Anna og David. Dei ferierte i campingvogn på Rabben i to periodar for nokre år sidan og fann at Uskedalen var ein fin feriestad, ikkje minst på grunn av fiskemoglegheitene.
- No skal vi bli sjølvforsynte med fisk, meiner Anna.

Sidan dei var her sist har Granvin-paret vore på utkikk etter ei hytte på våre traktar utan å finna noko som passa. Men så såg dei Omvik-huset annonsert i Bergens Tidende og gjekk sigrande ut av 'kampen' om eigedomen.

Anna og David har eit allsidig arbeidsliv bak seg. Medan han har røtene sine i Agatunet ved Sørfjorden, kjem ho frå Luster og dei eig den relativt store, men brattlendte garden Storegraven ved Granvinsvatnet. Der ligg og Granvin Camping, som dei har dreve i 30 år. Og ikkje nok med det: Bilverkstad og bensinstasjon har dei dreve like lenge - til for to år sidan då dei selde denne delen av verksemda.
No har dei teke ei pause også frå turistverksemda og satsar på å nyta pensjonistlivet i fulle drag.
- Det skal bli herleg, for det har vore berre jobb dag ut og dag inn i alle år, seier Anna.

Og Uskedalen er altså ein flott stad å vera pensjonistar, har dei funne ut utan at dei enno veit kor ofte dei kjem hit.
Vegen frå Granvin til Uskedalen er i alle fall ikkje lang - dei gjer han unna på ein time og 40 minuttar og så kjem ferja i tillegg.

Av Ola Matti Mathisen